



Masfjorden kommune

–ein stad for næringsverksemder og busetting!

Kommunen i næringsmessig kontekst:

Masfjorden er ein attraktiv, innbydande kommune med store naturressursar. Kommunen er lokalisert i Nordhordland sentralt i høve til store og viktige næringsregionar i bergensområdet. Næringsclusteret på Mongstad med store aktørar som Statoil setter Nordhordland ”på kartet” og opnar for synergjar også i andre delar av regionen. Frå Masfjorden er det kort avstand til Sløvåg Industriområde, som har muligheit for tilførsel av gass i samband med utbygginga av nytt energiverk på Mongstad. Denne situasjonen gir gode muligheiter for næringsvekst også i Masfjorden.

Næringsmessige fortrinn ved kommunen:

- *Lågare arbeidsgivaravgift* i Masfjorden (10,6%) enn dei fleste andre kommunar i Hordaland (14,1%).
- Kommunen har ei *breibandsdekning* med dekningsprosent på 94 %, noe som i dag er betre enn landsgjennomsnittet. Målet er 100% breibandsdekning.
- *Store bedrifter* som BKK, Havforskningsinstituttet og Marine Harwest Norway AS held til i kommunen.
- *Sterkt forskingsmiljø* ved Havforskningsinstituttet si avdeling lokalisert i helt nye og topp moderne og avanserte fasilitetar på Matre.

Masfjorden Næringsforum vert stifta 20.02.07. Næringsforumet skal vera ein *interesseorganisasjon* som har til formål å *ta vare på, utvikla, styrka og støtta næringslivet og næringslivet sine interesser i Masfjorden kommune*. Forumet skal *stimulera til bevisstgjering, innovasjonsutvikling og nettverkstankegang* mellom næringsaktørar, mellom næringsaktørar og kommunen og skal gjennom sitt arbeid *stimulera til knoppskyting og etablering av ny næringsverksemd i kommunen*.

Masfjorden Næringsforum skal og` *arbeida for å fremje næringslivet si rolle i utviklinga av Masfjorden kommune* ved å *ta aktiv del i kommunesamfunnet*. Forumet skal arbeida aktivt for å skape attraktive arbeidsplassar og tett kontakt mellom skule og næringsliv.

- Kommunen arbeidar saman med Nordhordland Regionråd og Innovasjon Norge for å legge forholda til rette for at det skal opprettast *mikrokreditt-nettverk mellom kvinnelege etablerare* i kommunen.
- Det er *ledig areal i industriområde* i fleire delar av kommunen og i allereie eksisterande næringspark.
- Dagens eksisterande *næringsstruktur* står fram som særst variert og samansett.
- Vidare har kommunen *tett og god kontakt med viktige aktørar* som Nordhordland regionråd og Nordhordland Handtverk og Industrilag ,NHIL
- Gode finansielle støtteordningar for næringsverksemd gjennom ”Kraftfondet”.
- Tilgang på *rimelig leie av kontorlokale* der du kan dele kvardagen i fellesskap med andre.

Andre praktiske opplysningar:

- Private og offentlige aktørar i Masfjorden arbeidar aktivt for tilrettelegging av *bustadområde* i fleire delar av kommunen. Det er ledige tomter i både nybyggjar, og etablerte bustadområde i kommunen. [Lenke til brosjyrane](#)
- Trygt og godt oppvekstmiljø med *god kapasitet i skole, barnehage og SFO* til lågare pris enn i mange andre kommunar.
- Gode helse og kulturtilbod
- Det er eit godt og velfungerande tenestetilbod i kommunen, samtidig som kommunen er i ein fase der fokus spesielt er retta mot utvikling og folketalsauke.